




ARTIKLER

106



**UTVIKLINGSTENDENSAR I 1976
I NORGES BEFOLKNING**

Av Ståle Dyrvik

**TRENDS IN THE NORWEGIAN
POPULATION IN 1976**

OSLO 1978

STATISTISK SENTRALBYRÅ

ARTIKLER FRA STATISTISK SENTRALBYRÅ NR. 106

**UTVIKLINGSTENDENSAR I 1976
I NORGES BEFOLKNING**

Av Ståle Dyrvik

**TRENDS IN THE NORWEGIAN
POPULATION IN 1976**

OSLO 1978

ISBN 82-537-0820-3

FØREORD

Denne artikkelen er den andre i ein serie oversikter, der ein frå tid til anna vil gjere greie for dei aktuelle utviklingstendensane i den norske befolkninga. I eit eige kapittel er det dessutan drøfta endringar i giftarmålsåtferda i etterkrigstida.

Oversikta er skriven av amanuensis Ståle Dyrvik, som på dette området arbeider for Statistisk Sentralbyrå på konsulentbasis.

Oversikta byggjer på materiale frå den årlege befolkningsstatistikken.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo, 3. januar 1978

Petter Jakob Bjerve

INNHALD

	Side
1. Oversyn	5
2. Nataliteten	7
3. Giftarmål og skilsmål	7
4. Fertiliteten i og utanfor ekteskapet	8
5. Mortaliteten	11
6. Flyttingane innanlands	14
7. Flyttingane mellom Norge og utlandet	16
8. Aldersstrukturen	17
9. Reproduksjonen	21
10. Førstegongs giftarmål i Norge i etterkrigstida	22

1. Oversyn

Befolkningsutviklinga i Norge i 1976 syner dei same hovudtrekk som har kjenneteikna heile tidsrommet sidan slutten av 1960-åra. Desse hovudtrekka er oppsummerte i tabell 1 (absolutte tal) og tabell 2 (relative tal).

Den reelle folkeauken i 1976 er rekna til 18 147. Ein må tilbake til byrjinga av 1940-åra for å finna ein så liten absolutt vekst i befolkninga. Talet for 1976 er nesten 3 000 lågare enn for 1975, og det ligg meir enn 10 000 under medeltilveksten i 1960-åra. Då nettoinnvandringa har vore ganske stabil frå 1972, er det den indre utviklinga (fødslar og dødsfall) som må forklara nedgangen. Det årlege talet på døde har vore stigande gjennom heile det siste tiåret, og er no kome opp i vel 40 000. Men endringane her er små samanlikna med endringane i fødselstalet. Fødselstalet minka med om lag 3 000 frå 1975 til 1976, og nedgangen er no på 14 000 om ein jamfører med nivået i slutten av 1960-åra. Det er altså fallet i fødselstalet som så å seia åleine forklarar den langsamare tilveksten i folketalet.

Set ein dei absolutte tala i høve til den samla folkemengda, som har auka med over 300 000 sidan 1965, blir endringane endå meir framtrekande. Den reelle folkeauken har i løpet av dei siste fem åra falle frå kring 0,80 til 0,45 prosent pr. år. Ein må attende til 1930 for å finna ei tilsvarande låg vekstrate i den norske befolkninga. Igjen er det fødselsrata som forklarar nedgangen: Frå eit medelnivå på kring 17,5 pr. tusen fram til 1969 har ho falle til 13,3 i 1976. Dette er den lågaste fødselsrata som nokon gong er registrert i Norge. Botnrekorden fram til 1975 hadde året 1935, med 14,3.

Kor sterkt folkeauken er blitt nedsett dei siste åra, kan visast på ein annan måte: Med den vekstrata på 0,8 prosent som befolkninga hadde fram til 1969, ville ho bruka 87 år på å dobla seg i storleik. Med rata frå 1976 er doblingstida auka til 155 år.

Endringa i den norske befolkningsutviklinga frå kring 1970, kjenneteikna ved ei snøgg oppbremsing av folkeauken, må altså først og fremst tilskrivast det fallande fødselstalet. Ei hovudoppgåve her blir såleis å granska dei demografiske faktorane som verkar på fødselstalet, blant anna med sikte på å avlesa eventuelle nye tendensar i utviklinga.

Tabell 1. Befolkningsutviklinga i 1965-1976. Absolutte tal *Population movement in 1965-1976. Absolute figures*

År Year	Folke- mengd pr. 1/1 ¹⁾ Popu- lation per 1/1 ¹⁾	Føds- slar Births	Døds- fall Deaths	Natur- leg folke- auke ²⁾ Natu- ral in- crease ²⁾	Netto- inn- van- dring Net immi- gra- tion	Reell folke- auke ³⁾ Net in- crease ³⁾
1965	3 708 609	66 277	35 317	30 960	-1 873	29 087
1966	3 737 696	67 061	36 010	31 051	-945	30 106
1967	3 767 802	66 779	36 216	30 563	2 357	32 920
1968	3 802 479	67 350	37 668	29 682	1 706	31 388
1969	3 834 844	67 746	38 994	28 752	2 115	30 867
1970	3 866 468	64 551	38 723	25 828	-969	24 859
1971	3 888 305	65 550	38 981	26 569	6 615	33 184
1972	3 917 773	64 260	39 375	24 885	4 423	29 308
1973	3 948 235	61 208	39 958	21 250	3 444	24 694
1974	3 972 990	59 603	39 464	20 139	4 922	25 061
1975	3 997 525	56 345	40 061	16 284	4 769	21 053
1976	4 017 101	53 474	40 216	13 158	4 889	18 147
1977	4 035 202					

1) Frå 1971 årleg oppteljing på grunnlag av det sentrale personregistre-
ret. 2) Differansen mellom fødselar og dødsfall. 3) Naturleg folkeauke
pluss nettoinnvandring.

1) From 1971 annual figures on the basis of Central Population Register.
2) Difference between births and deaths. 3) Natural increase plus net
immigration.

Tabell 2. Befolkningsutviklinga i 1965-1976. Relative tal *Population movement in 1965-1976. Relative figures*

År Year	Fødselsrate pr. 1 000 Birth rate per 1 000	Dødsrate pr. 1 000 Death rate per 1 000	Naturleg vekstrate ¹⁾ i prosent ¹⁾ Natural growth, percentage ¹⁾	Reell vekstrate ²⁾ i prosent ²⁾ Net growth ²⁾ percentage ²⁾
1965	17,8	9,5	0,83	0,78
1966	17,9	9,6	0,83	0,80
1967	17,8	9,6	0,81	0,87
1968	17,6	9,9	0,78	0,82
1969	17,6	10,1	0,75	0,80
1970	16,6	10,0	0,67	0,64
1971	16,8	10,0	0,68	0,85
1972	16,3	10,0	0,63	0,75
1973	15,5	10,1	0,54	0,62
1974	15,0	9,9	0,51	0,63
1975	14,1	10,0	0,41	0,53
1976	13,3	10,0	0,33	0,45

1) Differansen mellom fødselar og dødsfall, sett i høve til middelfolke-
mengda. 2) Naturleg folkeauke pluss nettoinnvandring, sett i høve til
middelfolkemengda.

1) Difference between births and deaths, in relation to mean popula-
tion. 2) Natural increase plus net immigration, in relation to mean popula-
tion.

2. Nataliteten

Nataliteten (fødselshyppigheten) definerar ein som forholdet mellom fødselar og samla folkemengd, altså nettopp det som vert uttrykt ved den alminnelege fødselsrata (tabell 2).

Nataliteten er påverka av fleire underliggjande tilhøve i befolkninga: Langt dei fleste born i dag vert fødde av foreldre i det snevre aldersspennet 20-35 år, og skiftingar i den delen av befolkninga som høyrer heime i desse aldrane, vil under elles like vilkår slå ut på fødselsrata. Frå 1965 til 1976 voks denne delen frå 18 til 22 prosent av totalbefolkninga, men det er rekna at stigninga vil avta og prosenten stabilisera seg i løpet av dei næraste åra. Befolkninga i fruktbar alder er vidare delt i grupper med ulik ekteskapeleg status, og desse gruppene har ulik reproduktiv åtferd. Storleiksforholdet mellom desse gruppene er bestemt av talet på giftarmål og skilsmål. Endeleg har ein utviklinga i sjølve den reproduktive åtferda til gifte og ikkje-gifte, som ein måler under nemningane ekteskapeleg og utomekteskapeleg fertilitet.

Desse underliggjande faktorane vil bli drøfta einskildvis i dei fylgjande avsnitta 3, 4 og 8.

3. Giftarmål og skilsmål

I 1976 vart det fødd 84 barn pr. tusen gifte kvinner i alderen mellom 15 og 50 år. Det tilsvarande talet for ikkje-gifte var 18. Denne store skilnaden viser kva fylgjer endringar i storleikshøvet mellom dei to gruppene kan få for fødselstalet. Utviklinga på dette feltet kan lesast ut av tabell 3.

Tabell 3. Prosent gifte i ulike aldersgrupper av kvinner. 1960-1976
Percentage of married among women by age. 1960-1976

År ¹⁾ Year ¹⁾	Aldersgrupper Age groups			
	15-49	20-24	25-29	30-34
1960	66,6	49,3	80,3	86,0
1970	65,8	52,4	80,6	87,7
1976	63,8	45,8	77,7	84,6

1) Folkemengd ved utgangen av året.

1) *Population at the end of the year.*

Andelen gifte brigda seg lite i løpet av 1960-åra, men fall frå 1970. I heile den reproduktive aldersgruppa fekk dei gifte kvinnene redusert sin andel med 2 prosentpoeng. I dei tre mest fruktbare aldersgruppene var tilbakegangen på 3-6 prosentpoeng. Dette er ikkje endringar

som kan måla seg med det fall på 20 prosent som fødselstalet har gjennomgått i same tidsrom. Men då bestanden av gifte både i den samla befolkninga og i dei einskilde aldersgruppene er stort i høve til dei årlege endringane ved giftarmål og skilsmål, vil jamvel store utslag i talet på giftarmål og skilsmål trengja tid på å setja merke etter seg i bestanden. Til gjengjeld er fylgjene av bestandsendringar større med di kvar gift kvinne er opphav til eit par fødsjar.

Oppgåver over giftarmål og skilsmål er attgjevne i tabell 4. Under elles like forhold skulle dei store etterkrigskulla i aldersgruppene frå 20 år og oppover føra til ein auke i talet på giftarmål. Dette slår til i perioden 1965-1969, då det årlege talet på vigde par stig frå 25 000 til nær 30 000. Men i staden for å få ei stabilisering av giftarmålstalet på dette nye høgare nivået, slår utviklinga om til nedgang i første del av 1970-åra. Det har skjedd trass i aldersstrukturen, og vitnar om at sjølve giftarmålmønsteret må ha undergått ei betydeleg omlegging.

Tabell 4. Giftarmål og skilsmål 1965-1976 *Marriages and divorces 1965-1976*

År <i>Year</i>	Giftarmål <i>Marriages</i>	Skilsmål <i>Divorces</i>	År <i>Year</i>	Giftarmål <i>Marriages</i>	Skilsmål <i>Divorces</i>
1965	24 185	2 581	1971	29 510	3 731
1966	27 680	2 672	1972	29 596	4 002
1967	29 154	2 876	1973	28 141	4 664
1968	29 441	3 058	1974	27 344	5 156
1969	29 630	3 146	1975	25 898	5 577
1970	29 370	3 429	1976	25 389	5 825

Parallelt med denne utviklinga på tilgangssida har talet på skilsmål synt ein stigande tendens og altså ført til større avgang frå den gifte befolkninga. I 1965 utgjorde skilsmåla vel 10 prosent av alle giftarmåla same år. I 1976 var denne prosenten nådd opp i 23. Dette fortel greitt om ein sterk auke i andelen ekteskap som vert oppløyste.

Ein nærare analyse av giftarmålmønsteret i Norge i etterkrigstida er å finna i kapittel 10 i dette heftet.

4. Fertiliteten i og utanfor ekteskapet

Fertilitet skal oppfattast som forholdet mellom fødslane og den undergruppa i befolkninga som er eller kan vera mødrer. Undersøkinga

her gjeld kvinner i alderen mellom 15 og 45 år, med skilje mellom gifte og ikkje-gifte. Den siste gruppa omfattar ugifte, separerte, skilde og enkjer. Som mål vert nytta fertilitetsrater, som er det årlege talet på fødslar pr. tusen kvinner. Kvinnene er inndelte i femårs aldersgrupper.

Tabell 5 viser fertilitetsratene for gifte kring 1960 og 1970 og vidare år for år frå 1971. Utviklingstrenden er heilt klar: Om ein ser bort frå den aller yngste aldersgruppa, er ratene over alt lågare i 1970 enn ti år tidlegare. Nedgangen har alt sett inn. Det nøyaktige startpunktet kjenner ein berre omveges: Set ein fødslane i høve til både gifte og ikkje-gifte, kan det lagast utrekningar også for 1960-åra. Desse såkalla alminnelege fertilitetsratene er påverka av giftarmåls-mønsteret og altså ikkje noko reint fertilitetsmål, men dei tyder på at fallet i den ekteskaplege fertiliteten må ha byrja i 1966. Utover i 1970-åra held nedgangen i dei ekteskaplege fertilitetsratene fram i alle aldersgrupper. Det er tale om store prosentvise endringar frå år til år, kanskje særleg frå 1974 til 1975.

Tabell 5. Fertilitetsrater i ekteskap. Pr. 1 000 gifte kvinner *Marital fertility rates. Per 1 000 married females*

Årleg gj.snitt År <i>Annual average Year</i>	Aldersgrupper <i>Age groups</i>					
	15-19 år <i>years</i>	20-24 år <i>years</i>	25-29 år <i>years</i>	30-34 år <i>years</i>	35-39 år <i>years</i>	40-44 år <i>years</i>
1959-62	555	330	215	133	71	26
1969-70	587	307	191	103	48	13
1971	563	295	182	94	43	11
1972	561	281	180	88	38	10
1973	517	265	169	84	34	8
1974	512	261	164	79	30	7
1975	492	247	157	72	27	6
1976	460	236	148	72	26	6

Til 1975 var det såleis ikkje teikn til mindre nedgang. Derimot kan oppgåvene frå 1976 tyda på at eit omslag er på veg. For dei tre aldersgruppene under 30 år held ratene fram med å falla snøgt. Men i aldersgruppene over 30 år har nedgangen stoppa opp. Det er første varsel av dette slaget i løpet av den tiårsbolken fertilitetsnedgangen har vara.

Det kan gjerast fylgjande merknader til desse endringane: Fordi stabiliseringa av ratene er skjedd i aldersgrupper som på førehand hadde låg fertilitet, vil bremseverknaden på det fallande fødselstalet bli

svært veik. Dei teljande utslaga kan berre koma om stabiliseringa også viser seg for dei yngre kvinnene. Og ei slik utvikling er høgst usikker. Fertilitetsnedgangen er forklart ved to slags endringar: 1. Ei forskyving av fødslane lengre ut i den fruktbare perioden av ekteskapet, og/eller 2. Ein reduksjon av det samla fødselstalet i ekteskapet. Hypotese 1 forklarar den fallande fertiliteten blant yngre kvinner, men rimar dårleg med at fertiliteten fell også blant dei eldre. Her kan det likevel gjelda som mellombels forklaring at dei eldre kvinnene er kvinner som i 1950- og 1960-åra fekk relativt mange born tidleg i ekteskapet, og derfor måtte halda fertiliteten låg i den siste delen av den fruktbare perioden sin, som dei gjennomlevde i tida etter 1965. Men når dei no etter kvart rykkjer ut av dei fruktbare aldrane og overlet plassen til kvinner som har utsett fødsjar, er det å venta at fertiliteten i dei høgare aldersgruppene stig, og det jamvel sterkt. 1976 syner så for første gong ei stabilisering av ratene for dei over 30 år. Det kan tyda på at utsetningshypotesen held på å slå til. Men dersom ikkje ratene også gjev seg til å stiga merkbart i løpet av dei komande åra, samstundes som ratene for yngre kvinner sluttar å falla, vil denne hypotesen måtte oppgjevast til fordel for hypotesen om lågare endeleg barnetal i familien. Etter mangt å døma har fertilitetsnedgangen pågått så lenge allereie at hypotese 2 vil stadfestast i alle tilfelle.

Tabell 6 viser fertilitetsutviklinga for dei ikkje-gifte. Utover i 1960-åra steig ratene merkbart i så å seia alle aldersgrupper, og særleg sterkt for dei under 25 år. Frå 1971 har biletet derimot vore prega av stillstand. Ein svak tendens til auke i 1975 fekk ikkje vidare næring i 1976. Men fordi fertiliteten blant gifte samstundes fell og andelen gifte i befolkninga går tilbake, aukar andelen barn som vert fødde utanfor ekteskap. Det galdt 10,9 prosent av fødslane i 1976, mot 6,9 prosent i 1970 og 4,6 i 1965.

Tabell 6. Ikkje-ekteskapslege fertilitetsrater. Pr. 1 000 ugifte og før gifte kvinner *Non-marital fertility rates. Per 1 000 not married females*

Årleg gj.snitt År	Aldersgrupper <i>Age groups</i>					
	15-19 år <i>years</i>	20-24 år <i>years</i>	25-29 år <i>years</i>	30-34 år <i>years</i>	35-39 år <i>years</i>	40-44 år <i>years</i>
1959-62	6	17	16	11	6	2
1969-70	13	24	20	14	9	2
1971	16	30	24	15	9	2
1972	17	31	23	17	7	3
1973	17	30	23	16	8	2
1974	16	29	26	14	8	2
1975	17	30	24	15	9	2
1976	16	30	23	15	9	2

5. Mortaliteten

Frå 1965 til 1976 voks befolkninga over 60 år her i landet med gjennomsnittleg 1,8 prosent i året, medan auken i den samla folkemengda var på 0,7 prosent. Det veksande talet på eldre har ført til at også dødstala har vore stigande i det siste tiåret, og slik vil trenden vera til fram mot 1990. Då når dei små kulla frå mellomkrigstida opp i vanleg dødsalder og fører til ein mellombels nedgang i dødstala. Dette viser kva innverknad alderstrukturen i befolkninga kan ha. Ser ein nemleg på dei allmenne levestuktene, vil ein i det siste tiåret kunna konstatera ei betring som motseier førsteintrykket frå dei stigande dødstala.

Den forventa levealderen ved fødselen, det vil seia det antal år ein nyfødd kan rekna med å leva i gjennomsnitt, var i 1975-76 på 71,85 år for menn og 78,12 år for kvinner (tabell 7). Det er dei høgaste tal som er registrerte i vår historie. Berre sidan 1971-72 er det ein auke på vel eit halvt år for begge kjønn. Det let altså til at mortaliteten framleis er fallande.

Tabell 7. Forventa levealder ved fødselen for menn og kvinner
Expectation of life at birth for males and females

Årleg gj.snitt År <i>Annual average Year</i>	Menn <i>Males</i>	Kvinner <i>Females</i>	Skilnad <i>Difference</i>
1956-60	71,32	75,57	4,25
1961-65	71,03	75,97	4,94
1966-70	71,09	76,83	5,74
1971-72	71,24	77,43	6,19
1973-74	71,50	77,83	6,33
1975-76	71,85	78,12	6,27

Dødsfalla i første leveår har ein særleg stor verknad på den forventa levealderen. Frå eit nivå på kring 150 pr. tusen levandefødde ved midten av 1800-talet har spedbarndødsrata falle jamnt og snøgt, og er i dag komen ned på 10 pr. tusen. Utviklinga dei seinaste åra går fram av tabell 8. Ein vil leggja merke til at dødsrata no ikkje synest å minka nemneverdig lenger. For jenter har det jamvel vore ein auke sidan 1974. Det kan verka som om framtidige mortalitetsbetringar


Tabell 8. Dødsrate for spedbarn (døde under 1 år pr. 1 000 levande-fødde). 1961-1976 *Infant mortality rates (deaths under 1 year of age per 1 000 live births). 1961-1976*

År <i>Year</i>	Begge kjønn <i>Both sexes</i>	Gutar <i>Males</i>	Jenter <i>Females</i>
1961-65	17,1	19,2	14,9
1966-70	13,9	15,7	12,0
1971	12,8	15,0	10,4
1972	11,8	13,5	9,9
1973	11,9	14,0	9,7
1974	10,4	12,3	8,5
1975	11,1	12,6	9,5
1976	10,5	11,1	9,8

må skje i andre aldersgrupper.


Figur 1 syner korleis dødsratene i dei ulike aldersgruppene av menn og kvinner har endra seg sidan 1966-70. Langt den største framgangen er å finna i alderen under 10 år, men også mellom 30 og 50 år har ratene falle merkbart. Mellom 10 og 30 år er derimot dødsrisikoen større i 1975-76 enn i 1966-70, og noko tilsvarande kan ein skimta mellom 50 og 60 år. Aldrane over 60 år viser ein tydeleg kjønsskilnad: For mennene er ratene uendra, for kvinnene har det skjedd ei betring.

Figur 1. Utviklinga i dei aldersbestemte dødsratene for menn og kvinner frå 1966-1970 til 1975-1976. (1966-1970 = 100)
Changes in age-specific death rates for males and females from 1966-1970 to 1975-1976. (1966-1970 = 100)



Tabell 7 understrekar den klare skilnaden i forventa levealder som finst mellom kjønna. Korleis er denne skilnaden når han vert uttrykt i dødsratene for dei einskilde aldersgruppene, og korleis har han utvikla seg det siste tiåret? Tala i figur 2 syner at mennene på alle alderssteg har ein langt høgare mortalitet enn kvinnene. Minst er kjønns-skilnaden blant småborn og gamle. Den største ulikskapen finn ein i aldersgruppa 20-24 år med tre gonger så høge rater for menn, medan ratene i aldersspennet 30-60 år ligg på det doble. Frå 1966-70 til 1975-76 har overmortaliteten for menn halde seg oppe: Han har minka litt blant born, men har elles snarast auka.

Figur 2. Skilnaden mellom dei aldersbestemte dødsratene for menn og kvinner i 1966-1970 og 1975-1976. (Kvinnenes dødsrater = 100) *Differences between age-specific death rates for males and females 1966-1970 and 1975-1976. (Death rates for females = 100)*



Trass i at Norge er eit av dei landa i verda der mortaliteten er lågast, er det framleis rom for betringar. Det skulle vera råd å snu den ugunstige utviklinga for dei unge, og mennenes overmortalitet er truleg i stor mon valda av eit samfunnsbestemt livsmønster som kan endrast.

6. Flyttingane innanlands

Med flyttingar er det her meint flyttingar over kommunegrenser. Då talet på kommunar har lege fast dei siste åra, vil flyttetala gje eit godt bilete av den røynglege flytteintensiteten. Frå slutten av 1960-åra var det tett innpå 50 flyttingar pr. tusen innbyggjarar årleg. Toppen i 1970 skuldast uregistrerte flyttingar som vart oppdaga ved folketeljinga det året. I 1975 viste flyttetala ein svakt fallande tendens i høve til det tidlegare nivået, og oppgåvene for 1976 syner eit tydeleg omslag i flytteintensiteten. Frå 1974 til 1976 har flyttetale og flytterate falle med rundt 8 prosent.

Tabell 9. Flyttingar innanlands. 1968-1976 *Internal migration.*
1968-1976

År Year	Flyttingar Migrations	Flyttingar pr. 1 000 inn- byggjarar Migrations per 1 000 population	Talet på kommunar Number of municipi- palities
1968	182 584	47,7	451
1969	189 003	48,8	451
1970	232 100	59,9	451
1971	191 156	48,8	449
1972	190 175	48,4	444
1973	190 513	48,1	444
1974	192 962	48,4	443
1975	189 622	47,3	443
1976	178 478	44,3	445

Samstundes med at flytteintensiteten minkar, vender nettostrøma mellom landsdelane attende til det velkjende mønsteret som eksisterte opp til 1970. Då avgav Nord-Norge, Trøndelag og Vestlandet flyttarar til Austlandet og Sørlandet, med sterkast utflytting frå Nord-Norge og sterkast innflytting til Oslofjord-området. I byrjinga av 1970-åra kom det ei markert endring i dette mønsteret. I 1973-74 fekk Nord-Norge, Trøndelag og Vestlandet jamvel netto tilflytting, medan Austlandet hamma på minussida. Men i 1975 var strøma tilbake i si tradisjonelle retning frå nord og vest til aust og sør, og tala for 1976 viser at også omfanget på nettoutflyttingane tek til å nærma seg det ein kjende sist i 1960-åra (tabell 10).

Tabell 10. Nettoflytting innanlands. Landsdelar. 1968-1976
Net internal migration. For regions. 1968-1976

År Year	Austlandet	Sørlandet	Vestlandet	Trøndelag	Nord-Norge
1968	5 392	579	-1 750	-104	-4 117
1969	5 839	787	-1 345	-141	-5 140
1970	6 795	614	-1 725	-160	-5 524
1971	2 221	942	-408	-116	-2 639
1972	416	676	-750	222	-564
1973	-381	800	-740	251	70
1974	266	885	81	-323	-909
1975	1 153	757	-503	-202	-1 205
1976	2 899	705	-913	-24	-2 667

Trass i fallande flytteintensitet har altså tendensen sidan 1974 gått i retning av sterkare einvegsflyttingar. Dermed får også flyttingane ein sterkare verknad på utviklinga i folkemengda i dei ulike landsdelane. For fråflyttingsområda har dette andre fylgjer enn for fem år sidan fordi fødselsnedgangen har ført til ei sterk innskrumping i den naturlege folketilveksten. I tabell 11 er den naturlege folkeauken (skilnaden mellom fødslar og dødsfall) sett opp mot den innanlands nettoflyttinga. Jam-sides 1976 finn ein 1969 med det tradisjonelle flyttemønsteret frå etterkrigstida, og 1973 som viser verknaden av det mellombels omslaget i dette mønsteret. Biletet er klart: Fødselsoverskotet har skrumpa så mykje inn at jamvel med vesentleg mindre nettoflytting enn i 1969 har både Finnmark og Nordland no fått nedgang i folkemengda. Med flyttetala frå 1969 ville til saman 9 fylke fått tilbakegang i folketal i 1976, medan berre 3 hadde det i 1969. Fødselsnedgangen gjev altså frå-flyttingslandsdelane eit mindre og ofte jamvel utilstrekkeleg overskot å møte flyttetapet med.

Tabell 11. Naturleg folkeauke (fødselsoverskot) og nettoflytting innanlands. Fylke. 1969, 1973 og 1976 *Natural increase (excess of births) and net internal migration. County. 1969, 1973 and 1976*

Fylke <i>County</i>	Naturleg folkeauke <i>Natural increase</i>			Nettoflytting <i>Net migration</i>		
	1969	1973	1976	1969	1973	1976
Østfold	1 161	776	413	597	306	391
Akershus	3 615	3 215	2 305	7 492	2 093	322
Oslo	1 181	32	-512	-3 184	-4 976	-1 216
Hedmark	647	214	-169	21	509	934
Oppland	1 005	536	66	-96	432	162
Buskerud	944	732	319	764	1 253	1 077
Vestfold	1 039	681	292	694	517	553
Telemark	745	369	157	-449	-531	676
Aust-Agder	374	303	342	245	570	506
Vest-Agder	1 028	818	725	542	230	199
Rogaland	3 073	2 331	2 039	132	194	733
Hordaland	3 489	3 199	2 074	-4	-490	-1 481
Sogn og Fjordane	564	498	289	-532	-357	209
Møre og Romsdal	2 071	1 684	1 219	-939	-87	-374
Sør-Trøndelag	1 935	1 720	1 000	439	-235	-95
Nord-Trøndelag	837	737	380	-580	486	71
Nordland	2 260	1 342	923	-3 102	-626	-1 295
Troms	1 647	1 182	850	-860	587	-717
Finmark	1 071	960	607	-1 180	112	-655

7. Flyttingane mellom Norge og utlandet

Dei ulike landsdelane har også ei flytteutveksling med utlandet. Sidan 1970 har Norge hatt nettoinnvandring, med ei tilførsle på bortimot 5 000 personar pr. år. Jamvel om dette berre tilsvaerar vel ein innvandrar pr. tusen innbyggjarar årleg, utgjer nettoinnvandringa no drygt fjerdeparten av den samla reelle folkeauken i landet (sjå tabell 1). På liknande vis kan ein då sjå at flyttingane frå og til utlandet påverkar befolkningsutviklinga i dei einskilte fylka (tabell 12). I somme fylke, som Akershus, Oslo, Oppland, Telemark, Vest-Agder, Rogaland og Sør-Trøndelag, er nettoverknaden av desse flyttingane av same storleiksorden som av flyttingane innanlands, og verknaden på folketalet altså like stor. Målt i absolutte og relative tal er nettotilflyttinga frå utlandet størst for dei mest urbaniserte fylka i det sørlege Norge. Eit unnatak frå denne regelen er Østfold, Vestfold og Sør-Trøndelag, med måtehalden nettotilflytting, størst rolle for folketalet spelar utanlandsflyttingane i Oslo, der nettostraumen inn nesten heilt oppveg det store


flyttetapet byen har i høve til resten av Norge. I Nordland og Finnmark vil ein derimot sjå at det er ei netto utvandring som kjem i tillegg til nettotapet andsynes det øvrige Norge.

Tabell 12. Nettoflytting innanlands og frå/til utlandet. Fylke. 1976
Internal and external net migration. County. 1976

Fylke <i>County</i>	Samla netto- flyt- ting <i>Total net migra- tion</i>	Netto flytting <i>Net migration</i>		Nettofl. frå/til utlandet pr. 1 000 inn- byggjarar <i>External migra- tion per 1 000 popula- tion</i>
		innan- lands <i>inter- nal</i>	frå/til ut- landet <i>exter- nal</i>	
Østfold	534	391	143	0,62
Akershus	641	322	319	0,90
Oslo	-59	-1 216	1 157	2,50
Hedmark	980	934	46	0,25
Oppland	282	162	120	0,67
Buskerud	1 356	1 077	279	1,33
Vestfold	672	553	119	0,65
Telemark	1 107	676	431	2,70
Aust-Agder	529	506	23	0,27
Vest-Agder	499	199	200	1,51
Rogaland	1 423	733	690	2,38
Hordaland	-662	-1 481	819	2,11
Sogn og Fjordane	279	209	70	0,68
Møre og Romsdal	-94	-374	280	1,20
Sør-Trøndelag	92	-95	187	0,77
Nord-Trøndelag	71	71	-	-
Nordland	-1 420	-1 295	-125	-0,51
Troms	-669	-717	48	0,33
Finnmark	-672	-655	-17	-0,21

8. Aldersstrukturen

Figur 3 syner den norske befolkninga fordelt etter alder ved utgangen av 1976. Sidan mellomkrigstida har aldersstrukturen gjennomgått store endringar.

Figur 3. Folkemengda etter kjønn, alder og ekteskapeleg status *Population by sex, age and marital status*

Den mest iaugefallande endringa kom med dei små fødselskulla i tidsrommet 1925-45. Dei ligg i dag i aldersgruppene 30-50 år. Det minste enkeltkullet, det frå 1935, var på 41 000, medan 1924-kullet var på 58 000 og 1945-kullet på 62 000. Kullet frå 1935 låg ved utgangen av 1976 på 41-års alder. På vegen opp dit har denne innsnevringa råka born i skulepliktig alder i 1940-åra, skuleungdomen og dei nye yrkesaktive i 1950-åra, ekteskapsmarknaden og talet på barneforeldre i 1960-åra. Verknadene av innsnevringa vil no ei tid vera mindre synlege til pensjonering og dødsavgang byrjar i slutten av hundreåret.

Ei anna endring som på lengre sikt kanskje er viktigare, har i det same tidsrommet pågått meir umerkande. Det har skjedd ei tyngdeforskyving oppover i aldersfordelinga såleis at dei eldre utgjer ein jamt større andel av befolkninga. Hovudtrenden vil gå fram av tabell 13. Som aldersgrenser er valde 20 og 65 år, som grovt svarar til inngangen og utgangen av yrkeslivet. Dei eldre over 65 år utgjorde knapt 8 prosent av befolkninga i 1920. I 1976 var denne andelen på lag dobla til 14 prosent. Utviklinga har gått særleg raskt etter 1960. Til gjengjeld utgjer dei yngste under 20 år ein stadig mindre del av befolkninga: 42 prosent i 1920, 31 prosent i 1976. Den midtre delen av befolkninga, dei yrkesaktive, har derimot ikkje forandra seg mykje etter 1960 og ligg på kring 55 prosent.

Tabell 13. Folkemengda etter aldersgrupper. Prosent. 1920-1976
Population by age groups. Percentages. 1920-1976

År ¹⁾ Year ¹⁾	Aldersgrupper Age groups		
	0-19 år years	20-64 år years	65 år og over years and over
1920	42,2	50,1	7,7
1930	38,1	53,6	8,3
1950	30,6	59,8	9,6
1960	33,2	55,7	11,1
1970	32,2	54,9	12,9
1971	32,2	54,7	13,1
1972	32,0	54,8	13,2
1973	31,8	54,8	13,4
1974	31,6	54,8	13,6
1975	31,4	54,8	13,8
1976	31,0	55,0	14,0

1) 1920-60: Tal frå folketeljingane.

1970-76: Registrert folkemengd ved utgangen av året.

1) 1920-60: *Population census data.*

1970-76: *Registered population at the end of the year.*

Det er viktig å understreka at det her er tale om aldersgruppene som prosentdelar av den samla folkemengda, og altså ikkje om storleiks- endringar målte i absolutte tal. Det er nemleg ei vanleg oppfatning at denne strukturendringa, som kallast aldring, er eit resultat av den høgare forventta levealderen (tabell 7). Dei betre leveutsiktene har nok fremja den absolutte voksteren i talet på eldre. Men når ein reknar gruppene som prosentdelar eller delar av den samla befolkninga, er det likevel i hovudsak nedgangen i den yngre luten av befolkninga som forklarar oppgangen i den eldre. Det er det minkande tilsiget av unge, uttrykt i ei fødselsrate som nesten er redusert til ein tredjedel av det ho var på slutten av 1800-talet, som fører til at dei eldre får eit forholdsviss større rom. Aldringa er uunngåeleg når nataliteten og dermed tilveksten i befolkninga vert sett ned. Spørsmålet om vekst og storleik kan såleis ikkje lausrivast frå spørsmålet om aldersstruktur.

9. Reproduksjonen

Er det så mogeleg, ut frå stoda i dag, å seia noko om føresetnadene for den framtidige befolkningsutviklinga i Norge? Den langt viktigaste einskildendinga dei siste 6-7 åra har vore nedgangen i fødselstalet, som har meir enn halvert den naturlege folkeauken (sjå tabell 1). Men enno er det eit godt stykke igjen til fødselstalet kjem ned mot 40 000, slik at det står likt med dødstalet, og at veksten i befolkinga stansar. Dermed ligg det nær å dra den slutning at fødselsnedgangen fram til 1976 ikkje har ført til anna enn ein langsamare folkeauke, og at nedgangen må halda fram om t.d. folkemengda i Norge skal stabilisera seg. Slutninga vert altså dregen direkte frå dei observerte tala på fødde og døde til den framtidige utviklingstrenden.

Men dette vil gje ein misvisande demografisk prognose. Storparten av dei som døyde i 1976 tilhørde fødselskull frå ein periode då folkemengda i Norge var på 2-2,5 millionar, medan dei fødde i 1976 kom til verda i ei befolkning på over 4 millionar. Derfor er talet på døde og talet på fødde å oppfatta som ujamførlege storleikar. Berre om befolkinga hadde lege fast både i storleik og øvrige demografiske kjenneteikn gjennom dei siste hundre åra, ville slutningar frå den aktuelle naturlege tilveksten vera velgrunna. Dersom giftarmåls-, fertilitets- og mortalitetsmønsteret i 1976 heldt seg uforandra inn i framtida, kor stor ny foreldregenerasjon vil det då bli av dei borna som vert fødde av dagens foreldregenerasjon? Svaret finn ein på denne måten: Undersøkinga vert avgrensa til den kvinnelege delen av den reproduktive befolkinga. Då heile generasjonen skal telja med, vert det ikkje skilt mellom gifte og ikkje-gifte, men rekna ut aldersbestemte rater for den alminnelege fertiliteten. Ved å summera desse ratene kjem ein fram til fødselstalet for ei gjennomsnittskvinne som gjennomlever heile den fruktbare perioden sin. Dette talet kallast det samla fertilitetstalet. Ved å bruka kjønnsproporsjonen ved fødselen (t.d. 106 gutar pr. 100 jenter) til å finna kvinnedelen av dette fertilitetstalet, og vidare ta med i rekninga risikoen for å døy på vegen frå fødselen til utgangen av den fruktbare perioden, når ein fram til nettoreproduksjonstalet. Det fortel kor mange kvinner til ein ny morsgenerasjon som vert fødde av kvar kvinne i morsgenerasjonen av i dag.

Tabell 14 syner at den norske gjennomsnittskvinna i fruktbar eller reproduktiv alder i 1976 hadde ein fertilitet som ville gje henne 1,87 born. Nettoreproduksjonstalet var 0,89, noko som altså seier at neste morsgenerasjon vil få ein storleik som er 89 prosent av storleiken til den noverande. I året 1976, då den norske befolkinga hadde 13 000 fleire fødslar enn dødsfall og ei naturleg vekstrate på 0,33 prosent,

ser vi såleis at reproduksjonen var innstilt på vesentleg mindre framtidige generasjonar, altså på nedgang i folkemengda. Men vilkåret for at nedgangen skal bli røyndom, er at dei demografiske kjenneteikna for 1976 vert ståande uendra i eit tidsrom på minst to generasjonar eller 60 år, slik at den nye strukturen når heilt opp i den øvre delen av alderspyramiden. Netto-reproduksjonstalet er eit signal gjeve med svært god omrømingstid.

Tabell 14. Samla fertilitetstal og netto-reproduksjonstal 1965-1976
Total fertility rate and net reproduction rates 1965-1976

År <i>Year</i>	Samla fer- tilitetstal <i>Total fer- tility rate</i>	Netto re- produksjonstal <i>Net repro- duction rates</i>
1965	2,92	1,37
1966	2,89	1,36
1967	2,79	1,33
1968	2,75	1,30
1969	2,69	1,28
1970	2,51	1,19
1971	2,49	1,19
1972	2,38	1,14
1973	2,23	1,06
1974	2,13	1,03
1975	1,99	0,95
1976	1,87	0,89

10. Førstegongs giftarmål i Norge i etterkrigstida

Det synest å vera allment kjent at utviklinga i Norge etter krigen har gått i retning av stadig tidlegare ekteskap, og at jamt fleire av dei oppveksande unge har gifta seg. Men i dei siste åra har det også blitt tale om aukande utbreiing for såkalla alternative samlivsformer utan vigsel. At ein i nett denne perioden har opplevd stagnerande og fallande giftarmålstal, kan derfor tyda på at den eldre trenden er broten, og at eit nytt giftarmålsmonster held på å danna seg. Føremålet her er å granska nuptialitetsutviklinga (giftarmålsutviklinga) i etterkrigstida fram til og med 1976. Undersøkinga vil bli avgrensa til å gjelda førstegongs giftarmål. Ho byggjer på nye data utarbeidde i Statistisk Sentralbyrå av Jan Mønnesland.


Som alt vist i tabell 4 steig talet på giftarmål frå 1965 til

1970, men gjekk tilbake igjen i 1970-åra. No gjev dei absolutte tala på giftarmål eit upåliteleg bilete av giftarmålsmonsteret, då dei er påverka både av endringar i folkemengd og aldersstruktur. Dei femnar også om både førstegongsgifte og omgifte. I dei alminnelege giftarmålsratene er folkemengdsendringane sjalta ut, i og med at ein reknar giftarmåla pr. tusen innbyggjarar. Den årlege rata steig frå 6,6 i gjennomsnitt i 1961-65 til 7,6 i 1966-70, for så å falla snøgt utover i 1970-åra. I 1976 vart det inngått 6,3 ekteskap pr. tusen innbyggjarar her i landet.

Eit meir presist mål kjem fram om ein reknar ut dei aldersbestemte giftarmålsratene. For kvar femårsgruppe mellom 15 og 50 år set ein talet på førstegongs giftarmål i høve til totalfolkemengda i aldersgruppa, og deretter summerer ein ihop dei ratene ein har fått ut. Då fjernar ein verknaden av aldersstrukturen, og undersøkinga kan gjerast for kvart av dei to kjønna. Summen av giftarmålsratene gjev eit samla uttrykk for endringar i giftarmålsintensitet og aldersfordeling. Med intensitet forstår ein kor mange som endar med å gifta seg (her innan 50 år), med aldersfordeling i kva aldrar desse giftarmåla skjer. Er giftarmålsmonsteret heilt fast, vil summen av ratene visa kor mange av 1 000 oppveksande unge som er blitt gifte ved fylte 50 år. Høgare intensitet og/eller tidlegare giftarmål vil få summen til å slå ut oppover, medan lågare intensitet og/eller seinare giftarmål vil ha motsett verknad. Summen av ratene for førstegongs giftarmål for menn og kvinner er framstilt i figur 4.

Summen av ratene viser eit lågmål for nuptialiteten i det siste krigsåret 1944. Frå 1946 til 1967 ligg summen kring og til dels klart over 1 000. Det har såleis i denne perioden gått for seg mellombels giftarmålsfremjande endringar, det vere seg intensitetsauke, fallande medelalder, eller begge deler samstundes. Men ein gong sist i 1960-åra opphøyrer desse endringane, og det sterke fallet fram til 1976 tyder på at vi ikkje berre har å gjera med ei stabilisering av den nye og høgare nuptialiteten, men eit omslag i motsett lei av den tidlegare trenden. Figur 4 viser elles at kvinnene har hatt ein høgare nuptialitet enn menn gjennom heile etterkrigstida med unntak av åra 1962-1968. Dette vil bli drøfta seinare.

Figur 4. Summen av dei aldersbestemte giftarmålsratene ved førstegongs giftarmål for menn og kvinner. 1943-1976 *Totals of age-specific, first marriage rates for males and females. 1943-1976*



Skal ein no klara å skilja dei to fremste kjenneteikna ved giftarmålsmonsteret, intensiteten og aldersfordelinga, trengst det oppgaver over dei ugifte i befolkninga. Slike opplysningar hadde ein til for nyleg berre i folketeljingsåra og årleg frå 1971. Som nemnt er det no i Statistisk Sentralbyrå rekonstruert slike data, dei dekkjer kvart år attende til 1911. Giftarmålsmonsteret i dei ein-skilde år frå 1943 til 1976 kan derfor skildrast som i tabell 15 og grafisk i figur 5. På grunn av ei finare aldersinndeling avvik desse tala eit grann frå dei som tidlegare er kunngjorde i Artikler 90, tabell 4.


Tabell 15. Giftarmålsmonsteret¹⁾ for menn og kvinner. 1943-1976
Marriage pattern¹⁾ for males and females. 1943-1976

År <i>Year</i>	Medelalder ved førstegongs ekteskap <i>Average age at first marriage</i>		Prosentdel ugifte ved fylte 50 år <i>Percentage unmarried of age 50</i>	
	Menn <i>Males</i>	Kvinner <i>Females</i>	Menn <i>Males</i>	Kvinner <i>Females</i>
	1943	29,71	26,57	14,9
1944	30,02	26,81	17,4	17,4
1945	30,07	26,53	14,9	13,5
1946	29,32	25,98	8,5	8,2
1947	29,02	25,66	8,5	7,5
1948	28,79	25,31	8,8	7,4
1949	28,79	25,23	10,3	8,1
1950	28,63	25,03	10,1	7,4
1951	28,40	24,78	9,9	6,7
1952	28,02	24,41	9,5	5,9
1953	27,91	24,26	9,4	5,3
1954	27,56	23,98	9,3	4,9
1955	27,40	23,84	9,6	4,7
1956	27,36	23,83	9,7	4,6
1957	27,13	23,67	9,8	4,7
1958	26,89	23,54	9,8	4,8
1959	26,87	23,58	10,0	4,9
1960	26,62	23,46	9,2	4,3
1961	26,52	23,44	8,4	4,0
1962	26,31	23,46	8,8	4,7
1963	26,27	23,52	8,8	4,8
1964	26,17	23,52	8,5	5,0
1965	26,23	23,74	10,2	6,6
1966	25,80	23,40	7,7	5,0
1967	25,70	23,29	7,2	4,6
1968	25,67	23,24	7,7	5,1
1969	25,66	23,19	8,3	5,2
1970	25,70	23,19	8,8	5,2
1971	25,68	23,15	9,1	5,3
1972	25,71	23,24	10,4	5,8
1973	25,77	23,32	11,4	6,5
1974	26,10	23,62	12,0	7,0
1975	26,33	23,94	13,8	8,1
1976	26,59	24,14	15,3	9,9

1) Utrekna for eit tenkt kull som gjennomlever aldersspennet 15-49 år utan dødsfall.

1) *Calculated for a hypothetical cohort passing the ages 15-49 years without deaths.*

Figur 5. Trekk av giftarmålsmønsteret i kalenderåra 1943-1976. Gjennomsnittsalder ved førstegongs giftarmål og andel ugifte ved fylte 50 år i hypotetiske kull av menn og kvinner utan mortalitet *Marriage pattern 1943-1976. Average age at first marriage and percentage unmarried at age 50 for hypothetical cohorts of males and females without deaths*



Andelen ugifte ved 50 år fall sterkt for begge kjønn ved freds- slutninga, og låg sidan ganske stabil på 8-9 prosent for menn og 5 prosent for kvinner fram til 1967. Frå då av har prosentane stige jamnt til 1976, då nivået var 15 prosent for menn og 10 prosent for kvinner. Utviklinga i gjennomsnittsalderen ved første ekteskap fylgjer same leia. For menn fall medelalderen frå 30 år i 1945 til eit lågmål på 25,66 år i 1969, og steig sidan raskt frå 1973. Kvinnene starta på knapt 27 år i 1945 og nådde det lågaste punktet med 23,15 år i 1971. Også for dei har det vore snøgg stigning i medelalderen frå 1973.


Det skulle dermed vera klart at etterkrigsutviklinga mot hyppigare og tidlegare giftarmål har snudd, og at det skjedde i åra kring 1970: I 1967 om ein vil leggja vekta på intensiteten, i 1969-71 om ein vil festa seg ved gjennomsnittsalderen. Vendepunktet for nuptialiteten ligg såleis like bak skiftet for fertiliteten, som ein har tidfest til 1966.

Ein vil skjønna at det giftarmålmønsteret det har vore tale om så langt, nemleg giftarmålmønsteret i det einskilde kalenderåret, er ein reint teoretisk storleik. Det er kome fram ved at ein har montert ihop åtferda til dei 35 årskulla som til kvar tid er i den vanlegaste giftarmålsalderen mellom 15 og 50 år. Eit meir røyndomsnært bilete av nuptialitetsutviklinga får ein kanskje om ein i staden fylgjer dei ein- skilde fødselskulla over tid og granskar korleis dei gjer unna første- gongsgiftarmåla sine. Ein slik tilnæringsmåte vil vera særleg nyttig dersom det er snevrare aldersgrupper som legg seg til nye åtferds- mønster. Er det t.d. dei unge som har fått i stand endringa mot seinare og sjeldnare ekteskap etter 1970?


Figurane 6 og 7 gjev eit inntrykk av giftarmålssoga åt fødselskulla 1928-1957. Kurvene viser forholdet mellom gifte (medr. før gifte) og ugifte ved nokre runde årsmålsdagar i aldersspennet 15-50 år. Desse kulla utgjer hovudtyngda av dei som har vore på giftarmålsmarknaden dei siste par tiåra. Ingen av dei har enno nådd 50-årsmerket, og det yngste kullet frå 1957 har enno berre vore gjennom fem år med giftarmål. Figurane viser i hovuddrag dette: I fødselskulla frå 1928 til 1945-50 kan ein sjå korleis andelen gifte ved ein gjeven årsmålsdag aukar frå kull til kull. Men skilnaden er tydelegast på dei lågare aldersstega, for ved 35 og 40 år synest kulla å koma ut på omtrent same andel gifte. Endringane gjeld altså berre i liten mon giftarmålsintensiteten (kor mange som endar med å gifta seg), men i stor grad aldersfordelinga (i kva alder dei vel å gifta seg). Om no fødselskulla mellom 1928 og 1945-50 har framskunda sine giftarmål, gjeld openbert det motsette for fødsels- kulla frå byrjinga av 1950-åra. Dei har vore stadig seinare ute, slik

at kurvene for andelen gifte bøyer klart nedover igjen. Men fordi dei framleis berre er i første del av giftarmålsperioden 15-50 år, er det enno uråd å seia om det nye omslaget i aldersfordelinga vil få verknad på kor mange som endar med å inngå ekteskap. At det teoretisk ikkje er noko i vegen for at desse yngste kulla kan koma ut på den same intensiteten som dei eldre, syner t.d. jamføringa med fødselskulla frå 1930-åra. Om ein endra samfunnssituasjon vil gjera det praktisk mogeleg, er eit anna spørsmål.

Figur 6. Ugifte pr. tusen ved ulike årsmåldagar i fødselskulla 1928-1957. Menn
Unmarried per 1000 at various ages for cohorts 1928-1957. Males



Figur 7. Ugifte pr. tusen ved ulike årsmåldagar i fødselskulla 1928-1957. Kvinner
Unmarried per 1000 at various ages for cohorts 1928-1957. Females




Er det så råd å seia noko nærare om kven som har endra giftarmålsåtferda i dei siste åra? Er det etterkrigsgenerasjonen, slik figurane 6 og 7 kan tyda på? Figur 8 viser sannsynet for å inngå førstegongs ekteskap for menn og kvinner i femårs alderssteg 20-40 år, bygd på giftarmålsobservasjonar i tida 1966-1976. Kvotientane er fallande, og å sjå til mest i dei lågaste aldersgruppene. Men måler ein nedgangen i prosent, er det i røynda liten skilnad mellom gruppene. Ein vil likevel leggja merke til at kvotientane for gruppene over 30 år fell gjennom heile det undersøkte tidsrommet, medan nedgangen for dei yngre først byrjar å visa seg kring 1971. Granskar ein så giftarmålskvotientane eller giftarmåls sannsynet i nokre fødselskull frå tida 1935-1955 (figurane 9 og 10), vil ein finna haldepunkt for at utviklinga mot lågare kvotientar i aldersgruppene over 25 eller 30 år slett ikkje er ny, men har gått føre seg i fleire tiår. Det nye er at den samtidige utviklinga mot høgare kvotientar blant yngre, som rikeleg vog opp nuptialitetsnedgangen blant dei eldre, har stansa og deretter snudd i etterkrigskulla.

Det må derfor kunna hevdast at det nye norske giftarmåls-mønsteret, med høgare gjennomsnittleg giftarmålsalder og lågare andel gifte, først og fremst er resultatet av ei åtferdsending blant unge. Endringa mot lågare nuptialitet sette inn kring 1971, og ho er særleg merkbar i fødselskulla frå tida etter 1950.


Det er grunn til å tru at nuptialitetsendingane i 1970-åra hovudsakleg har samfunnsmessige årsaker som ein reindemografisk analyse ikkje kan påvisa. Men upåverka av befolkningstilhøva i etterkrigstida har giftarmålsåtferda neppe vore. Eit vink om det gjev den store skilnaden i nuptialiteten åt menn og kvinner i store delar av etterkrigstida, og omkastinga i 1962-1968 (figur 4). Det meste av forklaringa på desse forstyrringane ligg i aldersstrukturen åt befolkninga.

Det er eit gammalt og tilsynelatande uforanderleg trekk ved giftarmåla at medelalderen for mennene er 2-3 år høgare enn for kvinnene (figur 5). Ekteskap vert altså inngått mellom menn og kvinner frå ulike fødselskull. No vil nuptialiteten vera påverka av kor store dei to gruppene er: Skal alle ha von om å bli gifte, må det vera like mange eller fleire mogelege partnarar av motsett kjønn. I ei befolkning lukka for flyttingar vil det vera eit mannsoverskot på vel 5 prosent ved fødselen, men høgare dødsavgang for menn vil ha redusert dette overskotet til likevekt i 40-50-årsalderen og gjera det om til eit klart kvinneoverskot i høgare alder. I den vanlegaste giftarmålsalderen vil det altså normalt vera eit fleirtal av menn som vil redusera deira giftarmålsutsikter i høve til kvinnene. Men fordi ekteskapsband vert knytte


Figur 8. Giftarmålskvotientar (giftarmålssannsyn) for menn og kvinner i femårs alderssteg 20-40 år. 1966-1976 *Marriage rates for males and females in 5-year age groups 20-40 years. 1966-1976*



Figur 9. Giftarmålskvotientar (giftarmålssannsyn) i ein-skilde aldersår i fødselskulla 1935, 1942, 1947 og 1954. Menn *Age-specific marriage rates for cohorts 1935, 1942, 1947 and 1954. Males*



Figur 10. Giftarmålskvotientar (giftarmålssannsyn) i einskilde aldersår i fødselskulla 1935, 1942, 1947 og 1954. Kvinner *Age-specific marriage rates for cohorts 1935, 1942, 1947 and 1954. Females*



mellom ulike fødselskull, vil også storleiken på desse verka inn. Her i landet var fødselskulla minkande frå 1925 til 1935. Menn fødde i desse åra vil altså i gjennomsnitt bli gifte med 2-3 år yngre kvinner som altså tilhøyrrer seinare og dermed mindre fødselskull enn dei sjølve. Mannsoverskotet vert endå større enn om fødselskulla var jamstore. I åra 1935-1946 var kulla veksande, og gifting føregjekk no mellom menn frå eldre og mindre kull og kvinner frå kull som var yngre og større. Mannsoverskotet vart omgjort til eit kvinneoverskot, og nuptialiteten åt mennene vart større enn for kvinnene. I fødselskulla etter 1946, som var på lag jamstore, var det igjen eit visst mannsoverskot.

Ved slutten av andre verdskrigen voks fødselskulla særleg sterkt, frå 57 000 i 1943 til 70 000 i 1946. Ut frå tankegangen ovanfor skulle dette gje uvanleg gunstige nuptialitetsforhold for kullet av menn frå 1943 og tilsvarende ugunstige for kullet av kvinner frå 1946. Men skal ein døma etter giftarmålsmonsteret i figurane 6 og 7, skil desse kulla seg lite ut frå dei kringliggjande. Dette dømet lyt då tyda på at det innanfor det allmenne giftarmålsmonsteret for menn og kvinner finst tilpassingsmekanismer som dempar verknaden av eit skeivt talforhold mellom kjønna. Den viktigaste av desse må utan tvil vera den gjennomsnittlege aldersskilnaden mellom ektemakane.

Kan dette ettervisast? Tabell 16 viser den prosentvise aldersfordelinga til kvinner som vert gifte med menn i dei tre aldergruppene 20-24, 25-29 og 30-34 år. Oppgåvene dekkjer tidsrommet 1955-1975 og syner ei mellombels forskyving mot yngre brurer i 1960-åra. Trass i den grove aldersinndelinga i femårsgrupper er utslaga så tydelege at mekanismen må seiast å vera stadfesta. Dei omtrentlege utrekningane som aldersinndelinga tillet viser t.d. at medelbrudgomen i aldersgruppa 25-29 år, 27,5 år gamal, i 1955 vart gift med ei kvinne på gjennomsnittleg 24,2 år, i 1965 på 23,0 år og i 1975 på 23,7 år. Den observerte aldersskilnaden svinga altså mellom 3,3 og 4,5 år.

Tabell 16. Aldersfordeling i prosent for kvinner gifte med menn i aldersgruppene 20-24, 25-29 og 30-34 år. 1955-1975
Percentage age distribution of females married to males of age 20-24, 25-29 and 30-34 years. 1955-1975

År <i>Year</i>	Brudgom 20-24 år <i>Groom 20-24 years</i>			Brudgom 25-29 år <i>Groom 25-29 years</i>			Brudgom 30-34 år <i>Groom 30-34 years</i>		
	Brur <i>Bride</i>		25 år og over years and over	Brur <i>Bride</i>		30 år og over years and over	Brur <i>Bride</i>		35 år og over years and over
	15-19 år years	20-24 år years		15-24 år years	25-29 år years		15-29 år years	30-34 år years	
1955	28,0	60,9	11,1	64,1	29,6	6,2	74,5	20,3	5,2
1960	31,2	62,2	6,6	71,9	23,9	4,2	77,9	16,3	5,8
1965	35,6	60,5	4,0	77,9	19,8	2,3	85,9	10,4	3,8
1970	29,5	65,5	5,0	75,2	22,9	1,9	85,6	11,8	2,6
1975	32,3	62,4	5,3	70,2	26,9	3,0	81,0	16,3	2,7

I denne analysen av førstegongs giftarmål i Norge i etterkrigs-tida har det første siktemålet vore å klarleggja det reine giftarmåls-mønsteret, det vil seia giftarmålsmonsteret slik det framstår når verk-naden av aldersstruktur og mortalitet vert sjalta ut. Dette mønsteret kan anten framstillast som eit mønster for giftarmålsåtferda åt mange fødselskull i eitt kalenderår, eller som giftarmålsåtferda åt einiskilde fødselskull over ei rekkje av kalenderår. Ved hjelp av desse to til-næringsmåtene har det vore mogeleg å fastslå at utviklinga mot lågare gjennomsnittleg giftarmålsalder og ein lågare andel ugifte stansa kring 1970, og at trenden no går mot høgare giftarmålsalder og ein høgare andel ugifte. Omslaget kring 1970 skuldast først og fremst lågare giftarmålssannsyn i fødselskulla frå sist i 1940-åra. Vi har altså å gjera med ei åtferdsendring som kan plasserast nøye i kalendertid, og som samstundes er knytt til så avgrensa aldersgrupper at ein kan tala om ei generasjonsendring.


Men etterkrigstida er ikkje minst interessant fordi ein då har sett fødselskull av svært skiftande storleik gå gjennom dei alders-grupper der dei fleste ekteskap vert inngått. Mest avvikande frå normalen var aldersstrukturen i 1960-åra. Det som er klart, er at stor-leiken på kulla berre i svært liten grad har påverka det bakanforligg-jande eller reine giftarmålsmonsteret, slik dette er omtala ovanfor. Tilpassinga mellom ulike store kull av gifteferdige menn og kvinner har skjedd innanfor rammene av dette giftarmålsmonsteret, og mekanismen har vore monalege endringar i den tradisjonelle aldersskilnaden mellom menn og kvinner.

Utkome i serien ART

Issued in the series Artikler fra Statistisk Sentralbyrå (ART)

- Nr. 93 Finn R. Førsund og Sigurd Tveitereid: Pris- og inntektsfordelingsvirkninger av miljøverninvesteringer i norsk bergverk og industri *Price and Income Effects of Environmental Protection Investments in Norwegian Mining and Manufacturing* 1977 87 s. kr 11,00 ISBN 82-537-0717-7
- " 94 Erik Garaas: En modell for analyse av skatter ved forskjellige definisjoner av inntekt *A Model for Analysis of Taxes and Alternative Definitions of Income* 1977 59 s. kr 11,00 ISBN 82-537-0725-8
- " 95 Petter Longva: Energibruk i Norge *Energy Use in Norway* 1977 49 s. kr 9,00 ISBN 82-537-0733-9
- " 96 Odd Aukrust: Inflation in the Open Economy: A Norwegian Model *Inflasjon i en åpen økonomi: En norsk modell* 1977 67 s. kr 11,00 ISBN 82-537-0737-1
- " 97 Idar Møglestue: Allmennlærerutdanning og yrke En analyse av tall fra Folketelling 1970 *General Teacher Training and Occupation An Analysis of Data from Population Census 1970* 1977 66 s. kr 11,00 ISBN 82-537-0743-6
- " 98 Tor Fr. Rasmussen: Pendling i Norge 1970 *Commuting in Norway 1970* 1977 84 s. kr 11,00 ISBN 82-537-0754-1
- " 99 Inger Gabrielsen: Aktuelle skattetal 1977 *Current Tax Data 1977* 59 s. kr 9,00 ISBN 82-537-0770-3
- " 100 Sigurd Høst: Mediabruk som fritidsaktivitet *The Use of Mass Media as a Leisure Activity* 1977 33 s. kr 9,00 ISBN 82-537-0778-9
- " 101 Hilde Bojer: The Effect on Consumption of Household Size and Composition *Konsum og husholdningens størrelse og sammensetning* 1977 37 s. kr 9,00 ISBN 82-537-0788-6
- " 102 Odd Skarstad: Levestandard for private husholdninger *Standard of Living for Private Households* 1977 64 s. kr 11,00 ISBN 82-537-0789-4
- " 103 Stephen Andersen: Prisnivåjusterte regnskaper Bergverksdrift og industri *Price-Level Accounting Mining and Manufacturing* 1977 81 s. kr 11,00 ISBN 82-537-0791-6
- " 104 Idar Møglestue og Turid Sletten: Lønnsforholdene for ansatte i bank, forsikring og statstjeneste *Wage Conditions for Employees in Banks, Insurance and Central Government* 1977 45 s. kr 9,00 ISBN 82-537-0798-3
- " 105 Jon Blaaid og Turid Sletten: Husholdningenes etterspørsel etter elektrisitet 1966-1975 *The Demand for Electricity by Households* 1977 67 s. kr 11,00 ISBN 82-537-0801-7
- " 106 Ståle Dyrvik: Utviklingstendensar i 1976 i Norges befolkning *Trends in the Norwegian Population in 1976* 37 s. kr 9,00 ISBN 82-537-0820-3

Fullstendig oversikt over tidlegare nummer av serien Artikler finst i nr. 100



Publikasjonen utgis i kommisjon hos
H. Aschehoug & Co. og Universitetsforlaget, Oslo,
og er til salgs hos alle bokhandlere
Pris kr 9,00

Omslag trykt hos Grøndahl & Søn Trykkeri, Oslo

ISBN 82-537-0820-3